

## **BARNEHAGEN SITT PEDAGOGISKE GRUNNSYN**

Barndommen er ei fase med eigenverdi, og vi vaksne må være opne og lydhøyre for barna sine ønskjer og behov. Gardstunet barnehage skal være ein god plass å opphalde seg for små og store.

Vi sett den «gode barndom» i fokus der leik og vennskap står sentralt. Leiken skal ha ein framtrédande plass i barns liv i barnehagen. Gjennom leik og samhandling utviklar barn evner til å omgås andre og utvikle sin identitet og læringskurve. Gjennom leiken skaffar barna seg erfaring med blant anna viktige reglar knytt til kommunikasjon og konsentrasjon, og «reglar» for samhandling med andre. Anerkjennande og støttande relasjonar er eit grunnlag for utvikling av sosial kompetanse. Leik er eit viktig virkemiddel knytt opp mot det å danne vennskap og barn brukar gjerne leik for å bearbeide inntrykk. Leik er derfor ein viktig del av barnehagen sin kvardag og vert vektlagt i samhandling mellom barn/barn og vaksne/barn.

Vi er opptatt av at barn kan! Vi legg til rette for at barn skal kunne oppleve mestring gjennom dagen. Utfordringar, oppgåver og opplevingar skal være tilpassa det enkelte barn sin alder og modning. Gjennom ros og oppmuntring vil vi være med på å gje kvart enkelt barn eit godt sjølvbilete. Dei ska få kjenne på at akkurat dei er viktige og at dei betyr noko for andre. Glede, humor og gode kjenslemessige opplevingar vert vektlagt i barnehagen sin kvardag.

Alle menneske er i ein evig danningssprosess. Danning handlar om at menneske dannar eit aktivt og bevisst forhold til samfunnet vi lev i. Barn må få lære å stille kritiske spørsmål og utvikle ei evne til å reflektere å sjå ting i ein større samanheng. Danning handlar om å ta egne val, sjølvstendig tenking, toleranse, globalisering, demokrati og ikkje minst barns medverknad. Vi er oppteken av at barn skal få moglegheit til å verte den beste utgåva av seg sjølv!